I § 7-8 første punktum slår lova fast at det er den personen som har fått meir enn halvparten av røystene som har vunne valet. Dersom det ikkje er nokon kandidat som har fått meir enn halvparten av røystene i den første runden, skal det vere ei ny røysting, jf. § 7-8 andre punktum. I denne andre røystinga er det kandidaten som har fått flest røyster som har vunne. Dersom det er to eller fleire som har fått like mange røyster i den andre runden, skal det vere loddtrekning mellom dei som har fått like mange røyster.

Eit eksempel på eit fleirtalsval kan vere at eit organ med elleve medlemmer skal velje ein leiar. Det er tre kandidatar, og dei får høvesvis 5, 4, og 2 røyster kvar. Då er det ingen som har fått meir enn halvparten, og det krev ei ny røysting. I denne runden er det framleis tre kandidatar, men no tenkjer vi at dei får høvesvis 5, 5 og 1 røyster kvar. Då skal det vere loddtrekning mellom dei to kandidatane som fekk fem røyster. Hadde dei fått høvesvis 5, 4 og 2 røyster også i den andre runden, så ville personen med 5 røyster ha vunne sjølv om det ikkje er meir enn halvparten.

8. Uttreden, fritak, suspensjon m.m.

8.1 Uttreden

Ein folkevald person som i løpet av valperioden ikkje lenger oppfyller krava til valbarheit til eit folkevald organ, mister vervet. Personen skal etter § 7-9 første ledd automatisk tre ut av det aktuelle organet. Dette kan for eksempel vere at personen flyttar til ein anna kommune, eller får ei stilling som gjer at han eller ho er utelukka frå valet etter føresegnene i § 7-3. Mister ein folkevald person valbarheita, så er det ikkje nødvendig med søknad eller handsaming i kommunestyret på same måte som når personen søker om fritak etter føresegna i § 7-9 andre ledd.

§ 7-9 har ein særleg regel om dei høva kor ein folkevald person flyttar ut av kommunen, og ikkje lenger er valbar, men flytter tilbake til den aktuelle kommunen. Dersom han eller ho flyttar tilbake innan to år, kan personen tre inn igjen i vervet.

8.2 Fritak

Ein folkevald person kan etter § 7-9 andre ledd søke om å bli fritatt frå vervet som folkevald. Dette kan omtales som "frivillig uttreden", og skil seg derfor frå føresegnene i § 7-9 første ledd kor ein automatisk mister vervet og § 7-11 om suspensjon og liknande der kommunestyret tar vervet som folkevald frå ein person.

Dersom ein folkevald person ikkje kan ivareta vervet utan at det fører til "vesentlig ulempe for han eller henne", kan kommunestyret etter § 7-9 andre ledd fritta han eller ho for resten av

valperioden eller berre mellombels for ein avgrensa periode. Ein kan for eksempel gje fritak for eit halvt år grunna eit studieopphald i utlandet, men fritaket kan også vere utan sluttdato. Dette kan vere aktuelt dersom ein medlem av kommunestyret blir statsråd eller statssekretær ettersom ein ikkje alltid veit kor lenge vedkomande har dette vervet.

Som vesentleg ulempe for den folkevalde personen vil typisk vere hans eller hennar si helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold eller andre velferdsgrunnar. Ulempa må som utgangspunkt gjelde den folkevalde personen sjølv, og det skal normalt ikkje vere fritaksgrunn at for eksempel arbeidsgivaren ikkje er nøgd med at han eller ho er borte for å delta i møte i folkevalde organ. Det skal ikkje vere kurant å gje fritak frå eit folkevald verv, og lova krev at ulempa med å forsette i vervet skal vere *vesentleg*. Når kommunestyret handsamar søknaden, skal dei legge vekt på om grunnlaget for søknaden var kjend då personen ga sitt samtykke til å bli vald til vervet. Ein folkevald person som ikkje har nådd alderen for røysterett, har krav på fritak dersom han eller ho ber om det.

Etter § 7-9 tredje ledd kan personen som har fått eit mellombels fritak, ikkje tre inn i vervet igjen før fritaksperioden er over. I nokre høve vil kommunestyret si avgjerd ha ei sluttdato, men det kan vere at ein gjer fritak så lenge grunnen for fritak er til stede. Dette kan for eksempel vere at personen er statssekretær eller går gjennom ei medisinsk behandling. Då vil fritaksperioden vere over når personen ikkje lenger er statssekretær eller når behandlinga er over, og den folkevalde personen kan då straks tre tilbake i vervet.

Den folkevalde personen som ønsker fritak må søke om dette. Kommunestyret kan ikkje fritta nokon utan at det har kome ein søknad.

8.3 Suspensjon

Det kan hende at det blir teke ut sikting eller tiltale mot ein folkevald person i kommunen, og då kan det vere spørsmål om personen skal halde fram som folkevald. Kommunestyret har etter § 7-11 første ledd høve til å ta det folkevalde vervet frå ein person fram til saka er rettskraftig avgjort. Dette gjeld berre dersom siktinga eller tiltala for tilhøve som er nemnd i straffelova §§ 151-154, 170 bokstav b, 171 til 174, 208 til 210, 353, kapittel 27 eller 30, og i tillegg må tilhøve ha samanheng med utøvinga av eit verv for kommunen. Dette siste vilkåret gjeld ikkje for tilhøve som er nemnd i straffelova §§ 151 til 154. Ein som er suspendert kan ha krav på godtgjersle i inntill eitt år, jf. § 7-11 fjerde ledd.

Ein slik suspensjon gjeld berre i perioden mellom det er teke ut sikting eller tiltale, og til det er ein rettskraftig dom. I saka kan ein domstol gje dom om tap av retten til ei stilling eller eit verv, sjå straffelova § 58. Dersom domstolen ikkje har avsagt ein dom med tap av retten til vervet, skal den folkevade personen som hovudregel ta opp att det folkevalde vervet i kommunen.

Når det gjeld vervet som ordførar, har kommunestyret etter § 7-11 andre ledd eit utvida høve til å vedta suspensjon. Denne føresegna er ny i den nye kommunelova. Dersom det blir teke

ut tiltale mot ein ordførar for eit tilhøve som kan straffast med fengsel i meir enn tre år, kan kommunestyret ta vervet frå ordføraren fram til saka er rettskraftig avgjord. Ei slik avgjerd må gjerast med minst 2/3 av røystene i kommunestyret.

Ei avgjerd om suspensjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, som kan klagast på. Enkeltvedtaket kan også vere gjenstand for lovlegkontroll etter kapittel 27 i kommunelova.

8.4 Avgjerder om å ta vervet frå ordføraren

Etter kommunelova § 7-11 fjerde ledd kan kommunestyret sjølv vedta å ta frå ein ordførar vervet på varig basis. Dette kan berre gjerast dersom ordføraren har ein oppførsel som viser at han eller ho er uskikka til å ta hand om vervet. Det skal vere ein høg terskel for å ta ei slik avgjerd, og det er berre aktuelt i dei tilfella der ordføraren ikkje kan fungere i sitt verv som den fremste folkevalde i kommunen. Tilhøva som kommunestyret kan legge til grunn treng ikkje ha samanheng med korleis ordføraren utfører vervet, og det kan vere andre høve som ligg til grunn. Eit eksempel kan vere at ordføraren blir dement, og ikkje sjølv kan vurdere sin eigen situasjon. Ordføraren vil då kanskje ikkje søke fritak, men det kan vise seg nødvendig at det blir vald ein ny ordførar. Det står meir om denne typen avgjerder i Prop. 46 L (2018–2019) på side 109 og 365.

Eit slikt vedtak må ha støtte frå minst 90 prosent av medlemene i kommunestyret. Avgjerda om å ta vervet frå ordføraren er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket kan også vere gjenstand for lovlegkontroll etter kapittel 27 i kommunelova.

9. Opprykk, nyval og suppleringsval

9.1 Opprykk og innkalling av varamedlem

Etter kommunelova § 7-10 første ledd skal varamedlem kallast inn når ein medlem av eit folkevald organ har forfall til eit møte. Dersom organ er vald ved forholdsval, skal det kallast inn ein varamedlem frå det parti eller den gruppa der det er forfall. Med "gruppe" er her meint den gruppa av parti som gjekk saman om å stille ei felles liste ved valet til det aktuelle organet.

Det hender at ein medlem eller varamedlem til eit folkevald organ melder seg ut av partiet, og inn i eit anna parti, eller vel å vere uavhengig. Den som er vald inn i formannskapet eller eit anna folkevald organ har både rett og plikt til å delta i møte, uavhengig av partitilknytning, så lenge vedkomande ikkje mister valbarheita eller får fritak etter søknad. Dersom vedkomande har forfall, skal varamedlem kallast inn frå det partiet han eller ho blei vald inn for, og ikkje det partiet vedkomande har meldt seg inn i.

Dersom ein varamedlem har skifta parti, skal vedkomande kallast inn når det er forfall frå det partiet han eller ho blei vald inn for, ikkje det partiet vedkomande no representerer. Det er situasjonen på valtidspunktet som i hovudsak avgjer kven som skal kallast inn for kven. Lova

har ikkje føresegner om korleis kommunen skal omtale ein varamedlem som har skifta parti, når det gjeld innkalling til møte, føring av protokoll m.m. Dette er det opp til kvar kommune å fastsetje.

9.2 Val av settemedlem

Føresegna i kommunelova § 7-10 andre ledd er ny i den nye lova, og gjev reglar om val av settemedlem. Dersom ein folkevald person i eit anna organ enn kommunestyret har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein settemedlem i den perioden. For at kommunestyret kan velje settemedlem, må det altså vere gjeve eit fritak. Kommunestyret kan ikkje velje ein settemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak. Kommunestyret må følgje rekkefølga på lista over varamedlemer ved val av settemedlem. Dersom personen som har fått fritak også er medlem av kommunestyret, må det kallast inn ein varamedlem for vedkomande til kvart kommunestyremøte etter føresegna i § 7-10 første ledd.

9.3 Opprykk og nyval

Dersom ein medlem av kommunestyret trer endeleg ut av vervet, skal ein varamedlem frå same liste rykke opp og ta deira plass og bli nye faste medlemmer i kommunestyret, jf. § 7-10 tredje ledd. Dei skal rykke opp i den rekkefølga dei er vald på, og organet må følgje lista over varamedlemer.

Dersom ein medlem av eit anna folkevald organ enn kommunestyret går ut eller får varig fritak, skal det veljast ny medlem, sjølv om det er vald varamedlem. I den nye lova § 7-10 fjerde ledd første punktum er det også slik at ein skal velje ny varamedlem dersom han eller ho trer endeleg ut av organet.

Eit slikt nyval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut er med i, jf. § 7-10 fjerde ledd andre punktum. Med gruppe viser lova til dei partia som gjekk saman ved valet val av det aktuelle organet, ikkje gruppe ved kommunestyrevalet. Dette gjer det mogleg – dersom den som trer ut høyrer til ei gruppe som er basert på samarbeid mellom fleire parti ved forholdsval – å velje eitt nytt medlem frå det same partiet som den som går ut, men det er også mogleg å velje frå eit anna parti som er med i gruppa.

Prinsippet om representasjon frå begge kjønn gjeld òg ved *utskifting* av medlemmer av folkevalde organ i valperioden. Føresegner om dette er tatt inn i § 7-10 fjerde ledd tredje punktum. Den nye medlemen skal kome frå det kjønn som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere representert med minst 40 prosent etter utskiftinga.

Krava om representasjon av begge kjønn gjeld her i høve til *heile organet*, ikkje i høve til den einskilde gruppa. Dersom det for eksempel er ni medlemmer i formannskapet (tre kvinner og seks menn), så får ein mannleg medlem fritak ut valperioden og det skal veljast ein ny medlem i formannskapet. Dersom det er mogleg, skal kommunestyret velje ei kvinne (frå den same gruppa som den som går ut), som blir den som går inn i formannskapet. Etter utskiftinga vil dermed formannskapet bestå av fire kvinner og fem menn.

Det følgjer av føresegna at ein representant for det underrepresenterte kjønn skal tre inn "hvis det er mulig". Reservasjonen er nødvendig fordi val av medlemmer til blant anna formannskap skjer på grunnlag av lovfastsett krav om gjennomgåande representasjon. Det vil derfor kunne oppstå tilfelle der det ikkje finst nokre medlemmer for det underrepresenterte kjønn frå den aktuelle gruppa som kan erstatte medlemmen som går ut.

Føresegnene om representasjon frå begge kjønn gjeld ved nyval av varamedlemer, jf. kommunelova 7-10 sjetzte ledd.

Eit nyval etter § 7-10 fjerde ledd skjer ved at partiet eller gruppa som treng nytt medlem blir einige og foreslår kven som skal veljast. Kommunestyret blir informert om kven det er, og vel den aktuelle kandidaten så fremt kandidaten er valbar. Det er ikkje eit fleirtalsval, og det er dermed ikkje høve for eit fleirtal av kommunestyret å velje nokon annan enn den personen som partiet eller gruppa har foreslått.

Ved nyval rykker den nye medlemmen inn på den ledige plassen, og det same gjeld også for nyvalde varamedlemer. Dersom det skal veljast varamedlem for å "erstatte" varamedlemmen på andre plass av ei liste på fem varamedlemer, så går vedkomande inn som andre varamedlem sidan dette er den ledige plassen. Det er også mogleg å velje at den som er tredje varamedlem skal rykke opp på den ledige plassen, jf. Prop. 46 L (2018–2019) side 117 flg.

9.4 Suppleringsval

Dersom eit parti eller gruppe si liste med varamedlemer til formannskapet eller eit anna folkevald organ viser seg å vere for kort, opnar § 7-10 sjetzte ledd for at det er mogleg å supplere denne lista med nye varamedlemer. Medlemene vert valde på same måte som ved nyval, og dei nye medlemene skal plasserast nedst på lista over varamedlemer.

10. Verknader av at eit organ som ikkje er lovleg samansett gjer vedtak

Spørsmålet om eit folkevalt organ er samansett i samsvar med reglane om kjønnsbalanse, vald på ein ulovleg måte eller at organet har ein medlem som ikkje er valbar og kva følgjer denne eventuelle feilen kan få for dei vedtaka organet har gjort, kan dukke opp i to samanhengar. For det første kan det vere sett fram krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 27-1. For det andre kan det vere klaga på eit vedtak etter føresegnene i forvaltningslova kapittel VI.

Departementet meiner at feil med omsyn til samansetninga eller valet, ikkje automatisk fører til at alle dei vedtaka organet har gjort blir ugyldige. Ein må gjere ei konkret vurdering av kvart einskild vedtak. Dersom det er grunn til å rekne med at ei feilaktig samansetning av utvalet ikkje har hatt noko å seie for innhaldet i vedtaket, vil det likevel kunne vere gyldig, jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

11. Møteoffentlegheit i folkevalde organ

Kommunelova § 11-2 første ledd presiserer at folkevalde organ, i tillegg til å gjere vedtak, skal handsame sakene sine i møte. Departementet vil understreke at også handsaming og drøfting av sakene skal skje i formelle møte. Eit samkome i eit folkevald organ vil vere eit "møte" når det er fastsett på førehand at medlemene skal tre saman som folkevalt organ for å forhandle, drøfte, gjere vedtak eller på annan måte handsame saker og spørsmål som det etter lov, forskrift eller delegert avgjerdsrett har som oppgåve å handsame.

I § 11-5 første ledd er prinsippet om møteoffentlegheit slått fast. Føresegna framhevar at prinsippet om møteoffentlegheit er ei føresegn som gjev ålmenta rettar, og inneber at alle som ønsker det, har rett til å vere til stades på møte i folkevalde organ. Dette er likevel så lenge ikkje organet med heimel i lov har vedteke noko anna.

Lukking av møte skal skje med heimel i § 11-5 andre til fjerde ledd. Avgjerda om lukking av eit møte må gjerast av heile organet, og ikkje berre av møteleiaren. Organet eller møteleiaren kan avgjere at drøftinga om lukking eller ikkje, skal vere lukka, men røystinga skal alltid haldast for opne dører. Ein presis heimel for ei eventuell lukking skal stå i møteboka, jf. føresegna om møtebok i § 11-4.

Kommunale organ har i nokre høve ei plikt til å lukke møte, og dette står i § 11-5 andre ledd. Når organet skal handsame opplysningar som er underlagde teieplikt i lov, for eksempel etter forvaltningslova § 13, plikter organet å lukke møtet. Det same gjeld når eit folkevald organ skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve til ein arbeidstakar. Uttrykket "tjenstlige forhold" i lova omfattar saker om tilsetjing, oppseiing, lønnsvilkår, permisjonar osv. Saker av meir overordna, generell og arbeidsgivarpolitisk karakter vil derimot falle utanfor denne føresegna. Slike saker kan for eksempel vere generelle saker om lønnspolitikken i kommunen, organisasjonsmessige tilhøve eller rutinar om sakshandsaminga.

I motsetnad til lukningsgrunnlaga i § 11-5 andre ledd, er det to "kan-føresegn" om lukking i § 11-5 tredje ledd bokstav a og b. Etter bokstav a kan organet lukke eit møte dersom omsynet til personvern krev at møtet vert lukka. Det inneber at organet ikkje plikter å lukke møtet sjølv om omsynet til personvern krev det, men det har rettsleg høve til å gjere det. Døme på opplysningar som kan danne grunnlag for å lukke møtet etter denne føresegna, er opplysningar som det ikkje er knytt teieplikt til, men som likevel er av personleg og sensitiv karakter, slik at personen som opplysningane gjeld, bør skjermast mot at dei blir offentleg kjende.

Også tungtvegande offentlege interesser kan gje grunnlag for å lukke eit møte, jf. § 11-5 tredje ledd bokstav b. Det er to vilkår som må vere oppfylte. For det første må tungtvegande offentlege omsyn tilseie lukking. For det andre må det i offentleglova vere ein heimel om unntak frå innsyn dersom opplysningane hadde stått i eit dokument. Det folkevalde organet må altså finne at begge vilkåra er oppfylte, før det kan vedta å lukke møtet.

I vilkåret som omhandlar offentleglova ligg det at organet, dersom det kjem til at tungtvegande offentlege interesser tilseier lukking, må identifisere kva for ein heimel i offentleglova som gjer at vilkåret er oppfylt. Her vil dei mest aktuelle heimlane vere dei som er gjevne av omsyn til offentlege interesser. Som særleg praktiske unntaksgrunnlag i offentleglova kan det peikast på § 23 (omsynet til dei økonomiske interessene det offentlege har i forhandlingar), § 18 (omsynet til partsinteressa det offentlege har i sivile søksmål) og § 24 (omsynet til gjennomføringa av lovpålagde kontroll- eller reguleringstiltak).

Det er særskilde føresegner om møteoffentlegheit for kommuneråd i kommunelova § 11-5 fjerde ledd. Møta i kommunerådet er i utgangspunktet lukka, men rådet kan sjølv avgjere om møta deira skal vere opne. Til liks med andre folkevalde organ er kommunerådet pålagt å lukke møtet når det ligg føre teieplikt fastsett ved lov, eller når det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve hos ein arbeidstakar.

Det er ikkje eigne reglar om teieplikt om drøftingar i lukka møte. Om ei sak blir handsama for stengde dører etter kommunelova § 11-5, har medlemene berre teieplikt om dei opplysningane som er underlagd teieplikt etter lov. Eit folkevald organ har ikkje høve til å pålegge medlemene ei generell teieplikt om opplysningar som er unnateke offentlegheit eller drøfta i eit lukka møte.

12. Val og konstituering av nytt kommunestyre ved samanslåing av kommunar

Frå 1. januar 2020 slås mange kommunar saman. Samstundes vert 13 fylkeskommunar slått saman til seks nye fylkeskommunar. I desse kommunane og fylkeskommunane skal valet hausten 2019 gjennomførast som om grenseendringane allereie er gjennomført, jf. forskrifter om gjennomføring av kommunestyrevalet og fylkestingsvalet i 2019.

Inndelingslova § 27 første ledd seier:

"Når det er gjennomført val til kommunestyre eller fylkesting i løpet av september månad året før ei samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, blir sett i verk, skal det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad."

Det inneber at kommunestyret og fylkestinget i samanslåtte kommunar og fylkeskommunar blir konstituert før samanslåinga trer i kraft. Om det konstituerande møtet seier inndelingslova § 27 vidare at:

"Leiaren av fellesnemnda kallar saman og leier møtet inntil ny ordførar er valt. Elles gjeld reglane i kommunelova § 7-1 første til fjerde ledd om konstituerande møte o.a. i kommunestyre og fylkesting."

Reglane om det konstituerande møtet gjeld altså på same måte i det konstituerande kommunestyre- og fylkestingsmøtet i kommunar og fylkeskommunar som vert slått saman frå 2020.

Funksjonsperioden for fellesnemnda er over når det nye kommunestyret er konstituert, jf. inndelingslova § 26 åttande ledd. Inndelingslova § 27 andre ledd fastset at funksjonsperioden for kommunestyra i dei kommunane som skal slåast saman:

”varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.”

Tidspunktet for ikraftsetjing av samanslåingane er ved nyttår, så dei eksisterande kommunane held fram som einingar ut 2019. Kommunestyra si myndigheit i denne perioden er likevel avgrensa til å vere ansvarleg for nødvendig drift og avslutning av eininga (dei gamle kommunane), sjå også punkt 2.4.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	004/19

Val av ordfører for perioden 2019-2023

Samandrag:

Etter kommunelova sin § 6.2 og reglane om fleirtalsval i § 7-8 skal kommunestyret velja ordfører for heile valperioden i det konstituerande møtet. Ordføreren vert vald blant dei medlemmane som vert valde til formannskapet.

Innstilling til vedtak:

..... vert vald som ordfører for kommunestyreperioden 2019 - 2023.

Saksopplysningar:

Ordfører skal veljast for heile valperioden, det vil seie for 4 år. Reglane i aktuelle paragrafar i kommunelova vert her sitert.

§ 6-2. Valg av ordfører og varaordfører

Kommunestyret og fylkestinget velger selv ordfører og varaordfører blant formannskapets eller fylkesutvalgets medlemmer.

Den som skal velges, må før valget ha samtykket til å stille til valg. Ordføreren og varaordføreren velges for hele valgperioden.

I kommuner og fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styreform, skal ordfører og varaordfører velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Hvis ordføreren trer midlertidig ut av vervet, rykker varaordføreren opp som ordfører. En ny varaordfører skal da velges midlertidig. Hvis ordføreren trer endelig ut av vervet, skal det velges en ny ordfører.

§ 7-1. Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

Etter at valgoppgjøret ved kommunestyrevalget eller fylkestingsvalget er avsluttet, skal sittende ordfører kalle inn til konstituerende møte i det nyvalgte kommunestyret eller fylkestinget. Medlemmene skal innkalles med minst 14 dagers varsel, og møtet skal holdes innen utgangen av oktober måned. Minst 2/3 av medlemmene må være til stede for at

kommunestyret eller fylkestinget skal kunne treffe vedtak.

Som første sak i det konstituerende møtet tar kommunestyret og fylkestinget stilling til om kommunestyrevalget eller fylkestingsvalget er gyldig, jf. valgloven § 13-4 første ledd. Hvis kommunen har avholdt direkte valg til kommunedelsutvalg, tar kommunestyret også stilling til om dette valget er gyldig, før øvrige valg avholdes.

Når det er avgjort at valg som nevnt i andre ledd er gyldig, velges formannskap eller fylkesutvalg, ordfører, varaordførere og kontrollutvalg for den nye valgperioden. I det konstituerende møtet bør det også velges medlemmer av andre folkevalgte kommunale eller fylkeskommunale organer og ledere for disse organene. Valg av leder kan overlates til organet selv hvis ikke denne loven eller en annen lov bestemmer noe annet.

Kommunestyre, fylkesting, formannskap, fylkesutvalg og kontrollutvalg trer i funksjon fra det konstituerende møtet. Andre folkevalgte organer, ordfører og varaordførere trer i funksjon straks de er valgt.

For folkevalgte organer der nye medlemmer ikke blir valgt i det konstituerende møtet, utvides de sittende medlemmenes funksjonstid til det er avholdt nyvalg, men ikke lenger enn til første årsskifte i den nye valgperioden.

I kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019-2023.

§ 7-4. Forholdsvalg, avtalevalg eller flertallsvalg

Medlemmer til folkevalgte organer skal velges ved forholdsvalg hvis minst ett medlem krever det. I andre tilfeller skal medlemmene velges ved avtalevalg.

Leder og nestleder for folkevalgte organer skal velges ved flertallsvalg.

§ 7-8. Flertallsvalg

Ved flertallsvalg er den personen valgt som har fått mer enn halvparten av de avgitte stemmene. Hvis ingen får mer enn halvparten av stemmene, holdes en ny avstemning. Den som får flest stemmer ved den nye avstemningen, blir valgt. Hvis to eller flere kandidater får like mange stemmer, avgjøres valget ved loddtrekning.

Vurdering:

Forslag om ordfører vert lagt fram direkte i konstituerande kommunestyremøte. Ein må her merka seg at kommunelova sin § 7-8 krev at det skal vera fleirtalsval ved val av leiar og nestleiar i folkevalde organ (i dette høvet ordførar). Ordføraren skal veljast blant dei medlemmane som vert valde til formannskapet.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	005/19

Val av varaordførar for perioden 2019-2023

Samandrag:

Etter kommunelova sin § 6.2 og reglane om fleirtalsval i § 7-8 skal kommunestyret velja varaordførar for heile valperioden i det konstituerande møtet. Varaordføraren vert vald blant dei medlemmane som vert valde til formannskapet.

Innstilling til vedtak:

..... vert vald som varaordførar for kommunestyreperioden 2019 - 2023.

Saksopplysningar:

Varaordførar skal veljast for heile valperioden, det vil seie for 4 år. Reglane i aktuelle paragrafar i kommunelova vert her sitter:

Kommunelova

§ 6-2. Valg av ordfører og varaordfører

Kommunestyret og fylkestinget velger selv ordfører og varaordfører blant formannskapets eller fylkesutvalgets medlemmer.

Den som skal velges, må før valget ha samtykket til å stille til valg. Ordføreren og varaordføreren velges for hele valgperioden.

I kommuner og fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styreform, skal ordfører og varaordfører velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Hvis ordføreren trer midlertidig ut av vervet, rykker varaordføreren opp som ordfører. En ny varaordfører skal da velges midlertidig. Hvis ordføreren trer endelig ut av vervet, skal det velges en ny ordfører.

§ 7-1. Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

Etter at valgoppgjøret ved kommunestyrevalget eller fylkestingsvalget er avsluttet, skal sittende ordfører kalle inn til konstituerende møte i det nyvalgte kommunestyret eller fylkestinget. Medlemmene skal innkalles med minst 14 dagers varsel, og møtet skal holdes

innen utgangen av oktober måned. Minst 2/3 av medlemmene må være til stede for at kommunestyret eller fylkestinget skal kunne treffe vedtak.

Som første sak i det konstituerende møtet tar kommunestyret og fylkestinget stilling til om kommunestyrevalget eller fylkestingsvalget er gyldig, jf. valgloven § 13-4 første ledd. Hvis kommunen har avholdt direkte valg til kommunedelsutvalg, tar kommunestyret også stilling til om dette valget er gyldig, før øvrige valg avholdes.

Når det er avgjort at valg som nevnt i andre ledd er gyldig, velges formannskap eller fylkesutvalg, ordfører, varaordførere og kontrollutvalg for den nye valgperioden. I det konstituerende møtet bør det også velges medlemmer av andre folkevalgte kommunale eller fylkeskommunale organer og ledere for disse organene. Valg av leder kan overlates til organet selv hvis ikke denne loven eller en annen lov bestemmer noe annet.

Kommunestyre, fylkesting, formannskap, fylkesutvalg og kontrollutvalg trer i funksjon fra det konstituerende møtet. Andre folkevalgte organer, ordfører og varaordførere trer i funksjon straks de er valgt.

For folkevalgte organer der nye medlemmer ikke blir valgt i det konstituerende møtet, utvides de sittende medlemmenes funksjonstid til det er avholdt nyvalg, men ikke lenger enn til første årsskifte i den nye valgperioden.

I kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019-2023.

§ 7-4. Forholdsvalg, avtalevalg eller flertallsvalg

Medlemmer til folkevalgte organer skal velges ved forholdsvalg hvis minst ett medlem krever det. I andre tilfeller skal medlemmene velges ved avtalevalg.

Leder og nestleder for folkevalgte organer skal velges ved flertallsvalg.

§ 7-8. Flertallsvalg

Ved flertallsvalg er den personen valgt som har fått mer enn halvparten av de avgitte stemmene. Hvis ingen får mer enn halvparten av stemmene, holdes en ny avstemning. Den som får flest stemmer ved den nye avstemningen, blir valgt. Hvis to eller flere kandidater får like mange stemmer, avgjøres valget ved loddtrekning.

Vurdering:

Forslag om varaordfører vert lagt fram direkte i konstituerande kommunestyremøte. Ein må her merka seg at kommunelova sin § 7-8 krev at det skal vera fleirtalsval ved val av leiar og nestleiar i folkevalde organ (i dette høvet ordførar). Varaordføraren skal veljast blant dei medlemmane som vert valde til formannskapet.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	006/19

Val av kontrollutval for perioden 2019-2023

Samandrag:

Kontrollutval er eit lovfesta tilsyns- og kontrollorgan med heimel i kommunelova § 23-1 (ny lov). Utvalet skal i første rekke føre samanhengande tilsyn og kontroll med forvaltninga i kommunen på vegner av kommunestyret, og også sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Alle kommunar skal ha eit kontrollutval og utvalet skal veljast av kommunestyret på det konstituerande møtet etter val av formannskap, ordførar og varaordførar, jf. ny kommunelov §7-1 3. ledd .

I denne saka skal Øygarden kommune velje sitt kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023, inkludert leiar og nestleiar. Kontrollutvalet skal bestå av 7 medlemmer der 3 må vere medlem av kommunestyret, jf. intensjonsavtalen. Medlemmer av kommunestyret til kontrollutvalet kan ikkje ha andre verv i mellom anna kommunale utval med avgjerdsmynde, vere leiar eller sitte i styret for selskap kor kommunen har eigarinteresser eller vere tilsett i kommunen. Nytt kontrollutval trer i funksjon frå det konstituerande møtet i kommunestyret.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande 7 medlemmer og like mange varamedlemmer til kontrollutvalet i Øygarden for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Medlemmer:	Varamedlemmer:

Som leiar i kontrollutvalet vert valt:

Som nestleiar i kontrollutvalet vert valt:

Saksopplysningar:

Den nye kommunelova kap. 22 som trer i kraft ved konstituering, slår fast at kommunestyret har overordna tilsynsansvar ovanfor heile den kommunale forvaltninga. For å utøve tilsynsansvaret skal kommunestyret velje eit kontrollutval, eit lovpålagt tilsyns- og

kontrollorgan som er heimla i kommunelova §23-1. Kontrollutvalet skal, ifølgje kommunelova §7-1 3. ledd, veljast på kommunestyret sitt konstituerande møte, etter val av formannskap, ordførar og varaordførar.

Ansvar og arbeidsoppgåver

Kontrollutvalet skal i første rekkje føre *samanhengande tilsyn og kontroll* med forvaltninga i kommunen på vegner av kommunestyret, medrekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Utvalet kan i prinsippet ta opp eitkvart forhold ved kommunen si verksemd så lenge det kan definerast som kontroll eller tilsyn. Men utvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar utført av kommunen sine folkevalte organ. Kontrollutvalet kan berre sjå til at dei vedtak som er tekne og verksemda elles, er i tråd med rettslege krav til kommunen, dvs. om vedtak er tekne av kompetent organ etter korrekt saksbehandling og om vedtaket er gjennomført som fastsatt. Kommunelova §23-5 viser også til at kontrollutvalet skal rapportere resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Val av medlemmer og varamedlemmer

Kommunelova §23-1 2. ledd seier følgjande om kontrollutvalet:

- Utvalet skal ha minst 5 medlemmer
- Kommunestyret vel sjølv medlemmer og varamedlemmer til utvalet
- Kommunestyret vel leiar og nestleiar blant utvalet sine medlemmer. Leiar skal ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordførar.
- Minst eitt av utvalet sine medlemmer skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer
- Utvalet sin leiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker vert behandla

I intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane er det sagt at kontrollutvalet skal ha 7 medlemmer og 3 av desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer.

Kommunelova §23-1 3. ledd seier noko om kven som **ikkje** kan veljast til kontrollutvalet, mellom anna:

- Ordførar og varaordførar
- Medlemmer og varamedlemmer til formannskapet
- Medlemmer og varamedlemmer av folkevalde organ med avgjerdsmynde (faste utval)
- Tilsette i den aktuelle kommunen
- Personar med leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i
- Personar som har leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåveselskap.

Generelt seier kommentarane til den utgåande kommuneloven at i tillegg til medlemmer frå kommunestyret, så vil andre medlemmer i kontrollutvalet kunne vere personar i offentlig eller privat verksemd som er eigna til å ivareta funksjonane i kontrollutvalet, og som kan tilføre både kontrollen og effektivitetsvurderinga nyttige impulsar utanfrå.

Kommunelova sine reglar om kjønnsmessig balanse gjeld også for kontrollutvalet. Det vil seie at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 %. Ved val av sju medlemmer så skal altså kvart kjønn vere representert med tre medlemmer etter KL § 7-5 2. ledd Reglane om kjønnsmessig balanse gjeld tilsvarande for varamedlemmer.

Kommunestyret kan når som helst velje medlemmer til utvalet på nytt. Dersom eitt eller

fleire medlemmer av utvalet skal skiftast ut, skal alle medlemmene veljast på ny, jf. ny kommunelov § 23-1 siste ledd.

Sekretariat og opne møter

Etter ny kommunelov §23-7 skal kommunestyret sørge for sekretariatsbistand for kontrollutvalet. Ifølgje forskrifta om kontrollutval § 20 skal sekretariatsbistanden til ei kvar tid tilfredstille utvalet sine behov, og sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin eigen administrasjon. Den som utfører sekretariatsfunksjonen er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje retningslinjer og pålegg frå utvalet.

Kommunelova sine reglar om møteoffentligheit gjeld også for møta i kontrollutvalet. Kontrollutvalet vil likevel alltid ha plikt til å lukke møtet når det ligg føre lovbestemt teieplikt, eller når det skal behandle ei sak som gjeld tenestlege tilhøve for ein arbeidstakar. I tillegg kjem dei sakene der kommunelova § 11-5 gjev høve til å lukke møte på grunnlag av personvern og tungtvegande offentlege interesser. Heimelen til å lukke møte i desse sakene gjev kontrollutvalet framleis høve til å diskutere ulike typar saker bak lukka dører.

Kontrollutvalet og opplæring

I brevet frå Forum for kontroll og tilsyn vert det peika på at det er svært viktig at kontrollutvalet sin funksjon vert gitt plass i folkevaldopplæringa. I tillegg så vert det lagt vekt på at kommunestyret også må ta ansvar for opplæringa til medlemmene i kontrollutvalet. Dersom eit kontrollutval skal kunne gjere ein god jobb for kommunestyret, er det viktig at medlemmene kjenner heile den kommunale verksemda. Medlemmene bør difor få delta i basisopplæringa til kommunen sine folkevalde.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Skriv frå Forum for kontroll og tilsyn vedrørende val av kontrollutval

Til
- Kommunene
- Fylkeskommunene

Att.: Ordfører / fylkesordfører
Rådmann / fylkesrådmann
Byråd / fylkesråd
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse
Ev. videresending til representanter for valglister til kommune- og fylkestingsvalget

Oslo, 1.7 2019

Valg av kontrollutvalg for perioden 2019–2023

Stortinget vedtok 22. juni 2018 en ny kommunelov. Mesteparten av den nye loven settes i kraft fra og med det konstituerende møtet i det enkelte kommunestyret og fylkestinget ved oppstart av valgperioden 2019–2023, jf. kgl.res nr. 2062 av 20.12.2018. Dette gjelder blant andre kapittel 24 om kontrollutvalget.

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen - et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt satsing på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det gjør også at kommunestyrene prioriterer utvalget høyere nå enn før. FKT ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Utvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi fikk både i 2011 og i 2015 meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg. Vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges i 2019:

Den nye kommunelovens bestemmelser om valg av kontrollutvalg

§ 7-1 Konstituerende møte i kommunestyret og fylkestinget

- Kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører.

§ 23-1 Kontrollutvalget

- Kommunestyret og fylkestinget velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalget.
- Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren.
- Utvalget skal ha minst fem medlemmer.
- Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer.

Utelukket fra valg er

- a) ordfører og varaordfører
- b) medlemmer og varamedlemmer av formannskap eller fylkesutvalg
- c) medlemmer og varamedlemmer av folkevalgt organ med beslutningsmyndighet. Medlemmer og varamedlemmer av kommunestyret eller fylkestinget er likevel valgbare
- d) medlemmer av kommuneråd eller fylkesråd
- e) medlemmer og varamedlemmer av kommunestyrekomité eller fylkestingskomité
- f) ansatte i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen (gjelder også deltidsstillinger)
- g) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlingen, i et selskap som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- h) personer som har en ledende stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i et interkommunalt politisk råd eller et kommunalt oppgavefelleskap.

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.

Kontrollutvalgets rolle i folkevalgtopplæringen

§ 22-1 om kommunestyrets og fylkestingets kontrollansvar

- Kommunestyret og fylkestinget har det øverste ansvaret for å kontrollere kommunens og fylkeskommunens virksomhet.

Derfor er det svært viktig at kontrollutvalgets funksjon og rolle gis god plass i folkevalgtopplæringen.

Basisopplæringen

Vi er kjent med at det i forkant av opplæringsdagen/ basisprogrammet i KS sitt folkevalgtopplæringsprogram 2019-2023, vil arrangeres formøte mellom kursleder fra KS og kommunen (ordfører og rådmann). FKT oppfordrer til at kontrollutvalgets sekretariat inviteres til møtet. Sekretariatet kan bidra med sin erfaring og gi gode tips om kunnskapsbehovet.

Hvis kontrollutvalget skal kunne gjøre en god jobb for kommunestyret, er det viktig at medlemmene kjenner hele den kommunale virksomheten. Basisprogrammet er i så måte en god anledning og kontrollutvalget bør få tilbud om å delta på opplæringen.

Folkevalgt dager

KS anbefaler at det arrangeres folkevalgt dager som kommer i tillegg til basisprogrammet. Her kan kommunen selv legge inn fordypninger i ulike emner. Den kommunale egenkontrollen er et viktig emne som bør vurderes i denne sammenhengen.

Opplæring av kontrollutvalg

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg i kommunen som bør ha dyktige medlemmer. FKT er godt i gang med å planlegge opplæringstiltak for kontrollutvalgene etter valget:

- Vi vil tilby våre medlemmer en seire pp-presentasjoner - 1-2 dagers kurs som kan benyttes lokalt evt. regionalt.
- Vi vil også tilby et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere – «kontrollutvalgslederskolen».
- Hvert år arrangerer FKT fagkonferanse der vi retter søkelyset mot aktuelle problemstillinger og saker. I 2020 arrangeres konferansen 3-4. juni på Gardermoen. Det er naturlig at innholdet i konferansen tilpasses at kontrollutvalgene er nyvalgte.

Vi oppfordrer kommuner og fylkeskommuner til å avsette tilstrekkelige ressurser i budsjettet for 2020 til opplæring av nytt kontrollutvalg.

FKT er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg, egenkontrollens plass i folkevalgtopplæringen og opplæring av kontrollutvalg.

Kopi:
FKTs kontrollutvalgs- og sekretariatsmedlemmer
KS

Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen (s)
Generalsekretær



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	007/19

Val av representantar til Utval for tenester og levekår for perioden 2019-2023

Samandrag:

Kommunestyret skal velje medlemmer og varamedlemmer til utval for tenester og levekår, som skal gjelde for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer. Valet skal gjennomførast som forholdstalsval eller som avtaleval.

Intensjonsavtalen, rapport om politisk styringsstruktur og samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, er styrande dokument for val av utval til kommande kommunestyreperiode.

I samsvar med rapport om politisk styringsstruktur skal utvalet ha 11 medlemmer og minst like mange varamedlemmer. I eit utval med 11 medlemmer skal kvart kjønn i utgangspunktet vere representert med minst fem.

Kommunestyret skal også velje leiar og nestleiar for utvalet.

Innstilling til vedtak:

Som medlemmer og varamedlemmer i utval for tenester og levekår i perioden 2019 – 2023 vert valt:

Medlemmer:	Varamedlemmer:

Som leiar i utval for tenester og levekår vert valt:

Som nestleiar i utval for tenester og levekår vert valt:

I denne saka skal det veljast representantar, med minst like mange vararepresentantar, til **utval for tenester og levekår**. Desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer. Kommunestyret skal og velje leiar og nestleiar til utvalet. Valet skal gjennomførast som forholdstalsval eller som avtaleval.

Grunnlagsdokument

Sluttrapport om politisk styringsstruktur vart vedteke i fellesnemnda 18.06.18 og dannar delvis grunnlag for val av utval for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane og samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, mellom Høgre, Sotralista, FrP, KrF og Venstre, er også styrande for val av utval for kommande kommunestyreperiode.

Utvalsinndeling

I intensjonsavtalen vart det lagt opp til at den nye kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med fire politiske utval og gjennomgåande representasjon. Fellesnemnda vedtok i rapport om politisk styringsstruktur, å redusere talet til to. Det er likevel samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet som vert styrande for det endelege talet på utval som vert lagt fram for det konstituerande kommunestyret. I samarbeidsavtalen er det skissert ein utvalsstruktur med formannskap og 3 utval; utval for tenester og levekår, utval for samfunnsutvikling og utval for plan.

Ansvar/arbeidsoppgåver

Ansvar og arbeidsoppgåver vert delt mellom utvala etter oppgåvetype, og vil gå på tvers av tenesteområde eller sektor/fagområde. Utvala innstiller i saker til kommunestyret og har sjølve ansvaret for saksbehandlinga. Sakstildelinga skjer i eit politisk arbeidsutval. Det er sagt noko om ansvarsområde/oppgåver for dei ulike utvala både i intensjonsavtalen og sluttrapport om politisk styringsstruktur, men då talet på utval og inndelinga er endra i samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, vert det i denne saka teke utgangspunkt i sistnemnte som har følgjande oppsett av oppgåver for utval for tenester og levekår:

- Helse/skule/barnehage/omsorg/NAV/drift og planlegging
- Samfunnskontakt: Frivillige lag og organisasjonar, idrett og kyrkja
- Kommunedelplanar innanfor tenester og levekår
- Kultur
- Kulturskulen

Medlemmer

I intensjonsavtalen vert det sagt at utvala skal ha 9 medlemmer, men fellesnemnda har i sluttrapporten om politisk styringsstruktur, vedteke at utvala skal ha 11 medlemmer. Ved val av utvalsmedlemmer skal prinsippet om gjennomgåande representasjon leggjast til grunn.

I eit utval med 11 medlemmer skal kvart kjønn i utgangspunktet vere representert med minst fem (minst 40 %). Ved val av folkevalde organ, som etter lov berre består av medlemmer av kommunestyret, skal regelen følgjast så langt det er mogeleg. Ved gjennomgåande representasjon kan det vere ei utfordring å nå dette målet.

Dersom ikkje kommunestyret gjer særskilt vedtak i anna retning skal utvala ha uendra samansetjing i same valperiode, dersom ikkje avgang blant medlemmene gjer det nødvendig med endringar.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Samarbeidsavtale mellom partia i posisjonen

ØYGARDEN KOMMUNE

SAMARBEIDSAVTALE

Det er for valperioden 2019-2023 inngått forpliktande samarbeid mellom følgjande parti:

Høgre, Sotralista, Frp, Krf og Venstre.

Partia er einige om at:

1. ein gjennom aktiv politisk styring skal arbeide for at den nye kommunen skal utviklast i tråd med intensjonsavtalen for nye Øygarden kommune.
2. det skal førast ein ansvarleg økonomisk politikk i perioden, slik at kommunen er i stand til å løyse dei viktige utfordringane som ligg framfor oss, blant anna innan omsorgsfeltet. Dette inneber at partia pliktar å søkje samarbeid ved handsaminga av kommunens budsjett og økonomiplan gjennom fireårsperioden.
3. dei samla skal stemme for tiltak som har til formål å effektivisere tenestene og redusere avhengigheit av eigedomsskatt i drifta for å bygga opp infrastrukturfondet i tråd med intensjonsavtalen. Målet er at ein i 4-årsperioden skal ha ei drift som er uavhengig av eigedomsskatt.
4. det skal lagast ein klima- og miljøplan for kommunen.
5. det så snart som mogleg skal startast opp arbeid med samfunnsdelen til kommuneplanen.
6. samarbeid mellom det offentlege og frivillige lag/organisasjonar må styrkast for å gje innbyggerane eit best mogleg tilbod innan omsorg og kultur.
7. det ikkje skal innførast eigedomsskatt på hytter, bustad eller næring.
8. det skal lagast ein eigen handlingsplan som sikrar at Øygarden blir en «JA-kommune»
9. det snarast i 2020 skal gjerast vedtak om å etablere nye institusjonsplassar innan omsorgstenestene både for somatiske og demente brukarar.
10. vi skal vidareføre dei økonomiske rammeoverføringane til kyrkja på 2019-nivået.
11. vi skal styrkje innsatsen mot mobbing og trakassering gjennom felles antimobbeprogram i barnehagar og skular. Vi skal vurdere å opprette eit mobbeombud i løpet av perioden.
12. det skal utarbeidast ein lokal veg- og samferdselsplan.
13. det skal vere løpande barnehageopptak i kommunen.
14. open for meir yrkesretta opplæring i 9 og 10 klasse.
15. det skal utarbeidast ein eigen veteranplan.
16. det skal lagast ein plan for oppfølging av ulovlege tiltak.
17. jobba for ein ny skule på vestsida i tråd med den kommande samfunnsplanen.
18. det skal stemmast for følgjande fordeling av dei sentrale verva i denne perioden. Verva er knytt til parti, og ikkje personar, og gjeld for heile perioden.



	Parti
Ordfører	Høgre
Varaordfører	Krf
Leiar for utval for tenester og levekår	Sotralista
Nestleiar for utval for tenester og levekår	Høgre
Leiar for utval for samfunnsutvikling	Høgre
Nestleiar for utval for samfunnsutvikling	Frp
Leiar for utval for plansaker	Frp
Nestleiar for utval for plansaker	Sotralista
Styreleiar i ØyVAR	Venstre
Nestleiar i ØyVAR	Krf

Utvalsstruktur for perioden 2019-2023			
Formannskapet	Utval for tenester og levekår	Utval for samfunnsutvikling	Utval for plan
Budsjett, rekneskap, økonomiplan, handlingsprogram	Helse/skule/barnehage/omsorg/ Nav/drift og planlegging	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Kommuneplanen sin arealdel
Regionalt samarbeid og utvikling	Samfunnskontakt: Frivillige lag og organisasjonar, idrett og kyrkja.	Samferdsle	Kommunedelplanar (Areal)
Valstyre	Kommunedelplaner innanfor tenester og levekår	Kommunale eigedomar; Bygging og utvikling	Reguleringsplanar og arealrelaterte saker
Eigerskap	Kultur	Miljøsaker	
Næringssaker	Kulturskulen	Kommunedelplaner innanfor samfunnsutvikling	
Beredskap		Lokaldemokrati og identitet	
Oppfølging av prosjekt med ekstern finansiering.		Samordning av samfunnsplan og arealplan.	

NHS,
 J SW
 JON
 JP

Partane/partia forpliktar seg med signatur på denne avtalen å stemme samla når det skal gjerast vedtak som er innunder dei punkta som er nemnde ovanfor, frå konstituering av det nye kommunestyret og ut kommunestyreperioden. Partia kan forøvrig stemme i henhold til partiprogramma.

Straume 15.09.2019


Høgre


Sotralista


Fremskrittspartiet


Kristeleg folkeparti


Venstre



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	008/19

Val av representantar til Utval for samfunnsutvikling for perioden 2019-2023

Samandrag:

Kommunestyret skal velje medlemmer og varamedlemmer til utval for samfunnsutvikling, som skal gjelde for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer. Valet skal gjennomførast som forholdstalsval eller som avtaleval.

Intensjonsavtalen, rapport om politisk styringsstruktur og samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, er styrande dokument for val av utval til kommande kommunestyreperiode.

I samsvar med rapport om politisk styringsstruktur skal utvalet ha 11 medlemmer og minst like mange varamedlemmer. I eit utval med 11 medlemmer skal kvart kjønn i utgangspunktet vere representert med minst fem.

Kommunestyret skal også velje leiar og nestleiar for utvalet.

Innstilling til vedtak:

Som medlemmer og varamedlemmer i utval for samfunnsutvikling for perioden 2019 – 2023 vert valt:

Medlemmer:	Varamedlemmer:

Som leiar i utval for samfunnsutvikling vert valt:

Som nestleiar i utval for samfunnsutvikling vert valt:

Saksopplysningar:

I denne saka skal det veljast representantar, med minst like mange vararepresentantar, til **utval for samfunnsutvikling**. Desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer og

varamedlemmer. Kommunestyret skal og velje leiar og nestleiar til utvalet. Valet skal gjennomførast som forholdstalsval eller som avtaleval.

Grunnlagsdokument

Sluttrapport om politisk styringsstruktur vart vedteke i fellesnemnda 18.06.18 og dannar delvis grunnlag for val av utval for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane og samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, mellom Høgre, Sotralista, FrP, KrF og Venstre, er også styrande for val av utval for kommande kommunestyreperiode.

Utvalsinnndeling

I intensjonsavtalen vart det lagt opp til at den nye kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med fire politiske utval og gjennomgåande representasjon. Fellesnemnda vedtok i rapport om politisk styringsstruktur, å redusere talet til to. Det er likevel samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet som vert styrande for det endelege talet på utval som vert lagt fram for det konstituerande kommunestyret. I samarbeidsavtalen er det skissert ein utvalsstruktur med formannskap og 3 utval; utval for tenester og levekår, utval for samfunnsutvikling og utval for plan.

Ansvar/arbeidsoppgåver

Ansvar og arbeidsoppgåver vert delt mellom utvala etter oppgåvetype, og vil gå på tvers av tenesteområde eller sektor/fagområde. Utvala innstiller i saker til kommunestyret og har sjølve ansvaret for saksbehandlinga. Sakstildelinga skjer i eit politisk arbeidsutval. Det er sagt noko om ansvarsområde/oppgåver for dei ulike utvala både i intensjonsavtalen og sluttrapport om politisk styringsstruktur, men då talet på utval og inndelinga er endra i samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, vert det i denne saka teke utgangspunkt i sistnemnte som har følgjande oppsett av oppgåver for utval for samfunnsutvikling (oppgåvelista vil ikkje vere uttømmende og kan bli justert når nye politiske og administrative delegasjonsreglement er vedtekne):

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Samferdsle
- Kommunale eigedommar; Bygging og utvikling
- Miljøsaker
- Kommunedelplanar innanfor samfunnsutvikling
- Lokaldemokrati og identitet
- Samordning av samfunnsplan og arealplan

Medlemmer

I intensjonsavtalen vert det sagt at utvala skal ha 9 medlemmer, men fellesnemnda har i sluttrapporten om politisk styringsstruktur, vedteke at utvala skal ha 11 medlemmer. Ved val av utvalsmedlemmer skal prinsippet om gjennomgåande representasjon leggst til grunn.

I eit utval med 11 medlemmer skal kvart kjønn i utgangspunktet vere representert med minst fem (minst 40 %). Ved val av folkevalde organ, som etter lov berre består av medlemmer av kommunestyret skal regelen følgjast så langt det er mogeleg. Ved gjennomgåande representasjon kan det vere ei utfordring å nå dette målet.

Dersom ikkje kommunestyret gjer særskilt vedtak i anna retning skal utvala ha uendra samansetjing i same valperiode, dersom ikkje avgang blant medlemmene gjer det nødvendig med endringar.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	009/19

Val av representantar til Utval for plan for perioden 2019-2023

Samandrag:

Kommunestyret skal velje medlemmer og varamedlemmer til utval for plan, som skal gjelde for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer og varamedlemmer. Valet skal gjennomførast som forholdstalsval eller som avtaleval.

Intensjonsavtalen, rapport om politisk styringsstruktur og samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, er styrande dokument for val av utval til kommande kommunestyreperiode.

I samsvar med rapport om politisk styringsstruktur skal utvalet ha 11 medlemmer og minst like mange varamedlemmer. I eit utval med 11 medlemmer skal kvart kjønn i utgangspunktet vere representert med minst fem.

Kommunestyret skal også velje leiar og nestleiar for utvalet.

Innstilling til vedtak:

Som medlemmer og varamedlemmer i utval for plan i perioden 2019 – 2023 vert valt:

Medlemmer:	Varamedlemmer:

Som leiar i utval for plan vert valt:

Som nestleiar i utval for plan vert valt:

Saksopplysningar:

I denne saka skal det veljast representantar, med minst like mange vararepresentantar, til **utval for plansaker**. Desse skal veljast blant kommunestyret sine medlemmer og

varamedlemmer. Kommunestyret skal og velje leiar og nestleiar til utvalet. Valet skal gjennomførast som forholdstalsval eller som avtaleval.

Grunnlagsdokument

Sluttrapport om politisk styringsstruktur vart vedteke i fellesnemnda 18.06.18 og dannar delvis grunnlag for val av utval for kommunestyreperioden 2019 – 2023. Intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane og samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, mellom Høgre, Sotralista, FrP, KrF og Venstre, er også styrande for val av utval for kommande kommunestyreperiode.

Utvalsinnndeling

I intensjonsavtalen vart det lagt opp til at den nye kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med fire politiske utval og gjennomgåande representasjon. Fellesnemnda vedtok i rapport om politisk styringsstruktur, å redusere talet til to. Det er likevel samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet som vert styrande for det endelege talet på utval som vert lagt fram for det konstituerande kommunestyret. I samarbeidsavtalen er det skissert ein utvalsstruktur med formannskap og 3 utval; utval for tenester og levekår, utval for samfunnsutvikling og utval for plan.

Ansvar/arbeidsoppgåver

Ansvar og arbeidsoppgåver vert delt mellom utvala etter oppgåvetype, og vil gå på tvers av tenesteområde eller sektor/fagområde. Utvala innstiller i saker til kommunestyret og har sjølve ansvaret for saksbehandlinga. Sakstildelinga skjer i eit politisk arbeidsutval. Det er sagt noko om ansvarsområde/oppgåver for dei ulike utvala både i intensjonsavtalen og sluttrapport om politisk styringsstruktur, men då talet på utval og inndelinga er endra i samarbeidsavtalen etter kommunestyrevalet, vert det i denne saka teke utgangspunkt i sistnemnte som har følgjande oppsett av oppgåver for utval for plan (oppgåvelista vil ikkje vere uttømmende og vil bli justert når nye politiske og administrative delegasjonsreglement er vedtekne):

- Kommuneplanen sin arealdel
- Kommunedelplanar (areal)
- Reguleringsplanar og arealrelaterte saker

Medlemmer

I intensjonsavtalen vert det sagt at utvala skal ha 9 medlemmer, men fellesnemnda har i sluttrapporten om politisk styringsstruktur, vedteke at utvala skal ha 11 medlemmer. Ved val av utvalsmedlemmer skal prinsippet om gjennomgåande representasjon leggjast til grunn.

I eit utval med 11 medlemmer skal kvart kjønn i utgangspunktet vere representert med minst fem (minst 40 %). Ved val av folkevalde organ, som etter lov berre består av medlemmer av kommunestyret skal regelen følgjast så langt det er mogeleg. Ved gjennomgåande representasjon kan det vere ei utfordring å nå dette målet.

Dersom ikkje kommunestyret gjer særskilt vedtak i anna retning skal utvala ha uendra samansetjing i same valperiode, dersom ikkje avgang blant medlemmene gjer det nødvendig med endringar.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	010/19

Val av valnemnd for perioden 2019-2023

Samandrag:

Kommunestyret må velje ei valnemnd for kommunestyreperioden 2019-2023 som skal førebu val og legge fram innstilling med medlemer og varamedlemer til alle styra, råd og utvala som skal veljast etter det konstituerande møtet i Øygarden kommunestyre.

Det er viktig at alle politiske parti i kommunestyret er representert i valnemnda. Kommunestyret skal velje medlemer og varamedlemer til valnemnda, og leiar / nestleiar.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande medlemer og varamedlemer til valnemnda:

Medlemer:	Varamedlemer:

Som leiar vert vald :.....

Som nestleiar vert vald :.....

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

Saksopplysningar:

Ifølgje ny [kommunelov § 5-7](#) kan det opprettast ulike utval for kommunale formål. Etter det konstituerande møtet i Øygarden kommunestyret skal det veljast medlemer og varamedlemer til sær mange styre, råd og utval i den nye kommunen. Det er effektivt om vala kan gjennomførast ved at ei eiga valnemnd førebur valsakene og fremjar forslag om medlemer og varamedlemer, til vedtaksmøta i kommunestyret. I tillegg vert det suppleringsval i kommunestyret i løpet av valperioden etter behov. Valnemnda vil også førebu endringar i politisk organisering ifølgje sluttrapport frå Utval for politisk styringsstruktur i Nye Øygarden kommune.

Kommunestyret skal såleis velje medlemer og varamedlemer til valnemnda med leiar / nestleiar og det er vesentleg at alle parti i kommunestyret er representert i valnemnda. Det

har vore praksis å velje gruppeleiarane som valnemnd, utan vara, men dei einskilde partigruppene kan også kome med framlegg til medlemmer og varamedlemmer til valnemnda. Valnemnda har ikkje mynde til å fatte vedtak, dei skal berre førebu sak for kommunestyret og kome med innstilling som vist til i ny [kommunelov § 7-7](#).

Når valnemnda skal kome med innstilling til kandidatar må dei ta omsyn til særreglar som gjeld ved dei ulike vala, i tillegg til ny kommunelov. Ny [kommunelov § 7-4](#) viser til at medlemmer til folkevalte organ skal veljast ved forholdsval om min. eitt medlem krev det; om ikkje vert det gjennomført avtaleval:

§ 7-5. Listeforslag ved forholdsvalg

Forholdsvalg foregår på grunnlag av lister med forslag til kandidater. Listene skal være innlevert på forhånd. Partier eller grupper som er representert i det velgende organet, kan bare levere ett listeforslag hver. Antall navn på listen kan være dobbelt så høyt som antall medlemmer som skal velges. Kandidater fra et parti eller en gruppe kan bare føres opp på partiets eller gruppens listeforslag eller på en fellesliste som utgår fra flere partier eller grupper.

Hvis det skal velges fire medlemmer eller flere, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent blant de foreslåtte kandidatene på den enkelte listen. Hvis det skal velges to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.

Listeforslaget skal være underskrevet av minst ett medlem av det partiet eller den gruppen som fremmer forslaget. Den som underskriver forslaget, må være medlem av det velgende organet.

§ 7-7. Avtalevalg

Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.

Valget gjennomføres på grunnlag av en innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer. Innstillingen skal inneholde like mange navn som det skal velges medlemmer, og det skal angis hvilket parti eller hvilken gruppe medlemmene representerer. Innstillingen kan også inneholde navn på varamedlemmer for hvert parti eller hver gruppe. Antall varamedlemmer kan være inntil to flere enn de faste medlemmene fra partiet eller gruppen. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret eller fylkestinget.

Hvis organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal hvert kjønn være representert i organet med minst 40 prosent. Skal organet bestå av tre eller færre medlemmer, skal begge kjønn være representert i organet. Viser det seg at et valg etter andre ledd vil føre til at kravene i første eller andre punktum ikke blir oppfylt, skal det nødvendige antallet kandidater fra det underrepresenterte kjønn settes inn for å oppfylle kravet. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.

Når varamedlemmer skal velges, skal framgangsmåten i tredje ledd følges.

Leiar og nestleiar for folkevalte organ skal veljast ved fleirtalsval ifølgje ny kommunelov § 7-4:

§ 7-8.Flertallsvalg

Ved flertallsvalg er den personen valgt som har fått mer enn halvparten av de avgitte stemmene. Hvis ingen får mer enn halvparten av stemmene, holdes en ny avstemning. Den som får flest stemmer ved den nye avstemningen, blir valgt. Hvis to eller flere kandidater får like mange stemmer, avgjøres valget ved loddtrekning.

Valnemnda må også ta omsyn til reglar om representasjon av kvart kjønn, som vist til over i kommunelova §§ 7-5 og 7-7.

Vurdering:

Kommunestyret har ansvar for å velje, og stundom foreslå, representantar til fleire styre, råd og utval. Det er effektivt å velje ei eiga valnemnd som førebur vala og kjem med framlegg til kandidatar, både på dei fyrste møta etter kommunestyrevalet og i løpet av kommunestyreperioden. Det er såleis vesentleg at alle parti i kommunestyret er representert i valnemnda. Kommunestyret må velje medlemmer og varamedlemmer til valnemnda, og leiar / nestleiar, for heile kommunestyreperioden.

Politisk sekretariat vil fungere som valnemnda sin rådgjevar i valfaglege spørsmål og bør involverast før møta i valnemnda.



Arkiv:

Arkivsaknr: 19/13 - 1

Sakshandsamar: Unni Rygg

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	011/19

Val av valstyre for perioden 2019-2023

Samandrag:

Vallova § 4-1 krev at kommunestyret sjølv vel eit valstyre til Øygarden kommune. Valstyret har ansvar for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå.

Valstyret er eit fast utval og må ta omsyn til reglar i ny kommunelov om val av utval inkludert valbarheit og krav til min. 40 % representasjon av kvart kjønn i utvalet.

Kommunestyret vel medlemer og valmedlemer til valstyret, og leiar / nestleiar, for kommunestyreperioden 2019-2023. I den utarbeidde samarbeidsavtala mellom Høgre, Sotralista, FrP, KrF og Venstre, for valperioden 2019-2023, er det lagt opp til at medlemene og varamedlemene i formannskapet vert valde til valstyre.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande medlemer og varamedlemer til valstyret:

Medlemer:	Varamedlemer:

Som leiar vert valt:.....

Som nestleiar vert valt:.....

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

Saksopplysningar:

Vallova § 4-1 krev at kommunestyret sjølv vel eit valstyre, for Øygarden kommune i kommunestyreperioden 2019-2023. Valstyret skal førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå. Valstyret har også fått delegert mynde av kommunestyret til å oppnemne stemmestyre og fastsetje stemmekrinsar for kommunen, i følgje sluttrapport frå Utval for politisk styringsstruktur i Nye Øygarden kommune.

Sidan valstyret er eit fast utval gjeld kommunelova sine reglar om val av utval. Ny

[kommune lov § 5-7](#) viser til at kommunestyret skal velje både leiar, nestleiar og dei andre medlemene og varamedlemene til valstyret, og at utvalet skal ha minimum tre medlemmer. Ny [kommune lov § 7-2](#) viser til kven som er valbar og pliktig til å ta i mot val, justert opp mot kven som er utelukka frå val i [§ 7-3](#). I tillegg er det reglar om minimum 40 % representasjon av kvart kjønn i organ jf. ny [kommune lov § 7-7](#), 3.ledd.

Fram til 2002 var det krav i lova om at formannskapet utgjorde valstyret. Etter lovendringa er det opp til kommunestyret kven som skal veljast inn som valstyre, og i tillegg til formannskapet der ordførar og varaordførar er med har det vore erfaringar med gruppeleiarar + ordførar og varaordførar som valstyret. I den utarbeidde samarbeidsavtala mellom Høgre, Sotralista, FrP, KrF og Venstre, for valperioden 2019-2023, er det lagt opp til at formannskapet utgjør valstyret.

Reglar om saksbehandling i folkevalde organ, ny [kommune lov § 11 – 1-13](#), vil også gjelde for valstyret.

Vurdering:

Kommunestyret må velje leiar, nestleiar og dei andre medlemene og varamedlemene til valstyret i Øygarden kommune for kommunestyreperioden 2019-2023. Det er krav om min. 40 % representasjon av kvart kjønn ved val av fire medlemmer eller fleire. I den politiske samarbeidsavtala for kommunestyreperioden vert det foreslått at formannskapet er lik valstyret.



Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	012/19

Val til KS organ for perioden 2019-2023

Samandrag:

Kommunestyret skal velje 5 representantar og 5 vararepresentantar + 2 ekstra (for kvart parti / gruppering) blant kommunestyrerepresentantane som utsendingar til KS sitt fylkesmøte, for heile fireårsperioden. Ordførar bør vere blant representantane.

Innstilling til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande 5 representantar og 5 vararepresentantar + 2 ekstra (for kvart parti / gruppering) som utsendingar til KS sitt fylkesmøte:

Representantar:	Vararepresentantar:

Valet gjeld for heile kommunestyreperioden 2019-2023.

Saksopplysningar:

KS er kommunesektoren sin organisasjon og utviklingspartner. Fylkesmøtet er KS sitt øvste organ i fylket. Kommunar og fylkeskommunar skal velje sine tillitsvalde blant dei folkevalte til ulike organ i KS, for fireårs-perioden. KS presiserer at ein person ikkje kan veljast som representant (ev. vara) til KS sitt organ frå kommunen, om vedkomande også blir valt inn til som representant (ev. vara) frå fylkeskommunen til same organ jf. Fylkesmøtet.

Ifølgje KS sine [vedtekter § 10](#) skal kvar kommune velje representantar med varamedlem til Fylkesmøtet etter tal innbyggjarar. Øygarden kommune har til saman 38.117 innbyggjarar pr. 1.1.2019 (Fjell 26.166, Sund 7.062, Øygarden 4.889) og skal såleis sende 5 delegater til Fylkesmøtet. Det står vidare i KS sine vedtekter at representantane skal veljast blant dei faste kommunestyrerepresentantane i kommunestyret sitt konstituerande møte, og at ordførar bør vere blant dei utvalte. KS understreker i sitt skriv til kommunane at det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + 2 ekstra (for kvart parti / gruppering). Ved alle val til KS skal kvart kjønn vere representert med min. 40 % av medlemene.

Fylkesmøtet har eitt obligatorisk møte i året der dei forankrar konsultasjonar, tariffspørsmål, forpliktande avtaler og andre prinsipielle saker. På det fyrste møtet skal Fylkesmøtet velje 17 landstingsdelegatar frå Vestland fylke (§ 4.1), og velje medlemmer til fylkesstyret (§ 11). Det er lagt opp til konstituerande fylkesmøte [14.november 2019](#) under konferansen Arena Vestland 13.-14.november. Fylkesmøtet har elles møte når 1/3 av kommunane ber om det.

Økonomiske konsekvensar:

Ifølgje KS sine vedtekter må kommunane sjølve bere kostnadane ved deltakinga av sine representantar på Fylkesmøtet.

Vurdering:

Øygarden kommunestyre må velje 5 representantar og 5 vararepresentantar + 2 ekstra (for kvart parti / gruppering), blant kommunestyrerepresentantane, som delegatar til Fylkesmøtet. Ordførar bør vere blant representantane. Valet gjeld for heile kommunestyreperioden.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Val til KS' organ 2019 - KS Vestland med skjema delegatar



Kommunane i Vestland
Vestland fylkeskommune

Vår referanse: 11/01647-4
Arkivkode: 033
Saksbehandler: Anne-Karin Løken,
KS Vestland
Deres referanse:
Dato: 11.09.2019

Val til KS' organ 2019

I tråd med "Vedtekter i KS" (vedlegg 1) skal **val til KS' organ gjerast av konstituerande møte** i kommunestyre og fylkesting. Det er særst viktig at vala blir gjort på første møtet for at delegatane skal vere klare før fylkesmøtet.

Val av tillitsvalde til landstinget, landsstyret, hovudstyret, fylkesmøtet og fylkesstyret i KS frå kommunar og fylkeskommunar skal veljast blant folkevalde i kommunar og fylkeskommunar. I kommunar og fylkeskommunar der det er parlamentarisk styre kan kommune-/by-/fylkesråd veljast sjølv om dei ikkje er folkevalde.

1. Val til KS Fylkesmøte

a) Slik gjer kommunane

Kommunestyret sitt konstituerande møte vel representantar og vararepresentantar til KS Fylkesmøte.

Om kommunane sine val av representantar til fylkesmøtet

Fra KS' vedtekter § 10:

Hver kommune velger representanter med varamedlemmer til fylkesmøtet på bakgrunn av folketallet pr.01.01. det år valg til kommunestyret avholdes, etter følgende skala:

Inntil 3000 innbyggere	- 1 delegat
3001 til 10 000 innbyggere	- 2 delegater
10 001 til 20 000 innbyggere	- 3 delegater
20 001 til 30 000 innbyggere	- 4 delegater
30 001 til 40 000 innbyggere	- 5 delegater
40 001 til 50 000 innbyggere	- 6 delegater
50 001 til 60 000 innbyggere	- 7 delegater
60 001 til 70 000 innbyggere	- 8 delegater
70 001 til 90 000 innbyggere	- 9 delegater
90 001 til 120 000 innbyggere	- 10 delegater
120 001 til 150 000 innbyggere	- 11 delegater
150 001 til 180 000 innbyggere	- 12 delegater
180 001 til 210 000 innbyggere	- 13 delegater

210 001 til 240 000 innbyggere	- 14 delegater
240 001 til 270 000 innbyggere	- 15 delegater
270 001 til 300 000 innbyggere	- 16 delegater
300 001 og flere innbyggere	- 17 delegater

Kommunens representanter velges blant de faste kommunestyrerepresentanter eller kommune-/byråder i kommunestyrets konstituerende møte. Ordføreren bør være blant representantene.

Om kommunane sine val av vararepresentantar til fylkesmøtet

Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + 2 ekstra (for kvart parti/gruppering).

b) Slik gjer fylkeskommunane

Konstituerande fylkesting vel representantar og vararepresentantar til KS Fylkesmøte.

Om fylkeskommunane sine val av representantar til fylkesmøtet

Fra KS' vedtekter § 10:

Hver fylkeskommune velger representanter med varamedlemmer til fylkesmøtet blant fylkestingets representanter og fylkesrådene på bakgrunn av folketallet pr. 01.01. det år valg til fylkesting avholdes, etter følgende skala:

Inntil 300 000 innbyggere	- 13 delegater
300 001 til 400 000 innbyggere	- 14 delegater
400 001 til 500 000 innbyggere	- 15 delegater
500 001 til 600 000 innbyggere	- 16 delegater
600 001 til 700 000 innbyggere	- 17 delegater
700 001 til 800 000 innbyggere	- 18 delegater
800 001 til 900 000 innbyggere	- 19 delegater
900 001 til 1 000 000 innbyggere	- 20 delegater
1 000 001 til 1 100 000 innbyggere	- 21 delegater
1 100 001 til 1 200 000 innbyggere	- 22 delegater
1 200 001 til 1 300 000 innbyggere	- 23 delegater
1 300 001 og flere innbyggere	- 24 delegater

Fylkeskommuner med parlamentarisk styringssystem velger selv om fylkesordfører eller fylkesrådsleder møter.

Om fylkeskommunane sine val av vararepresentantar til fylkesmøtet

Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + 2 ekstra (for kvart parti/gruppering).

2. Val til Landstinget

a) Slik gjer kommunane

Kommunane sine representantar og vararepresentantar til KS Landsting veljast på det konstituerande fylkesmøtet i KS som blir halde i Bergen 14. november 2019.

Fylkesmøtet sitt val av delegatar til landstinget

Fra KS' vedtekter § 4:

Kommunenes landstingsdelegatar med varadelegatar velges for landstingsperioden på første fylkesmøte etter kommune- og fylkestingsvalget. Kommunenes representanter i fylkesmøtet velger så mange landstingsdelegatar som det samlede innbyggertall i fylket pr. 01.01. i valgåret, etter følgende skala:

Inntil 300 000 innbyggere	- 9 delegater
300 001 til 400 000 innbyggere	- 11 delegater
400 001 til 500 000 innbyggere	- 13 delegater
500 001 til 600 000 innbyggere	- 15 delegater
600 001 til 700 000 innbyggere	- 17 delegater
700 001 til 800 000 innbyggere	- 19 delegater
800 001 til 900 000 innbyggere	- 21 delegater
900 001 til 1 000 000 innbyggere	- 23 delegater
1 000 001 til 1 100 000 innbyggere	- 25 delegater
1 100 001 til 1 200 000 innbyggere	- 27 delegater
1 200 001 til 1 300 000 innbyggere	- 29 delegater
1 300 001 og flere innbyggere	- 31 delegater

Fylkesmøtet sitt val av varadelegatar til landstinget

Det veljast eit tal varadelegatar som tilsvarar kvart parti (gruppering) sitt tal delegatar med tillegg av to.

Berre kommunane har stemmerett på kommunane sine landstingsdelegatar. Fylkeskommunane vel sine delegatar med vara direkte, sjå pkt. 2b under.

b) Slik gjer fylkeskommunane

Om fylkeskommunane sine val av delegatar til landstinget

Fylkeskommunane må velje sine landstingsdelegatar (og varadelegatar) før det konstituerande fylkesmøtet i KS.

Fra KS' vedtekter § 4:

Fylkeskommunens landstingsdelegatar med varadelegatar velges blant fylkestingets representanter og fylkesrådene for landstingsperioden innen utgangen av oktober måned det år fylkestingsvalget er holdt, j.fr. § 17 nr.1 i Kommuneloven. Hver fylkeskommune velger delegatar etter samlede innbyggertall i fylket pr. 01.01. i valgåret, etter følgende skala:

Inntil 300 000 innbyggere	- 4 delegater
300 001 til 400 000 innbyggere	- 5 delegater
400 001 til 500 000 innbyggere	- 6 delegater
500 001 til 600 000 innbyggere	- 7 delegater
600 001 til 700 000 innbyggere	- 8 delegater
700 001 til 800 000 innbyggere	- 9 delegater
800 001 til 900 000 innbyggere	- 10 delegater
900 001 til 1 000 000 innbyggere	- 11 delegater
1 000 001 til 1 100 000 innbyggere	- 12 delegater
1 100 001 til 1 200 000 innbyggere	- 13 delegater
1 200 001 til 1 300 000 innbyggere	- 14 delegater
1 300 001 og flere innbyggere	- 15 delegater

Om fylkeskommunane sine val av varadelegatar til landstinget

Ved val av varadelegatar brukast same skala som for delegatar + at KS tilrår 2 ekstra varadelegatar for kvart parti/gruppering.

KS' vedtekter regulerer val til KS' organ

KS' vedtekter er vedlagt i si heilheit (vedlegg 1). Vi tilrår å lese desse dersom ein er usikker på nokon av vala.

I følgje vedtekter for KS § 3, fjerde avsnitt, kan val til KS' organ krevjast fremja som forholdstalsval. Ved alle val til KS' organ, lokalt og sentralt, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 % av medlemmene.

Generelt ved val til KS' organ

Dersom ein person er vald som representant eller vararepresentant frå fylkeskommunen, bør ikkje vedkomande veljast som representant (eller vara) frå ein kommune (eller motsett).

Konstituerande fylkesmøte i Vestland

Det konstituerande fylkesmøtet i Vestland vil finne stad under konferansen **Arena Vestland 13.-14. november**, der sjølve fylkesmøtet blir **14. november**. Staden er **Quality Hotel Edvard Grieg, Sandsli, Bergen**. I tillegg til val av landstingsdelegatar skal dette møtet ifølgje vedtektene velje fylkesstyre. Innkalling til det konstituerande fylkesmøtet vil bli send frå KS Vestland. Her vil det bli gitt nærare informasjon om val til fylkesstyret.

KS Landsting

KS 20. landsting vil finne stad i Oslo 10.- 12. februar 2020.

Kommunalpolitisk toppmøte

Det vil i 2020 bli arrangert Kommunalpolitisk toppmøte (KPT) i samband med landstinget. Program og invitasjon blir sendt ut til medlemmane frå KS Agenda seinare.

Meld inn vala til KS Vestland

Beskjed om vala til KS' organ (med namn, partitilknytning, e-postadresse og mobiltelefon-nr) sendast KS Vestland v/Anne-Karin Løken anne.karin.loken@ks.no så snart valet er gjort (sjå vedlagde skjema i vedlegg 2).

Det er viktig at KS får vite kven som er vald til ordførar og varaordførar (oppgi dette også i skjemaet).

Spørsmål?

Spørsmål om vala kan rettast til regiondirektør Helene Arholm tlf 958 51 187, e-post:

helene.arholm@ks.no eller KS sentralt ved Tor Magne Fredriksen tlf. 911 59 023, e-post: tmf@ks.no

Lukke til med konstitueringa og vala!

Med venleg helsing

*Helene Arholm
regiondirektør
KS Vest*

Vedlegg:

1. Vedtekter KS – link [her](#)
2. Skjema for utfylling: Val av representantar til KS Fylkesmøte

Val av representantar til KS Vestland sitt fylkesmøte

Kommune/fylkeskommune				
Ordfører:	Namn:	Parti:	Mobil:	E-post:
Varaordfører:	Namn:	Parti:	Mobil:	E-post:

Representantar for kvart parti/gruppering i nummerert rekkefølge: (Sjå KS-vedtekter § 12)

Nr.	Namn:	Parti:	Mobiltelefon:	E-postadresse:

Vararepresentantar for kvart parti/gruppering i nummerert rekkefølge:

(Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + 2 ekstra (for kvart parti/gruppering))

Nr.	Namn:	Parti:	Mobiltelefon:	E-postadresse:

Skjemaet er fylt ut av:
(med namn, funksjon og e-postadresse)

Utfylt skjema sendast til: KS Vestland ved Anne-Karin Løken, anne.karin.loken@ks.no , (mobil 954 88 099)



Arkiv:

Arkivsaknr: 19/12 - 1

Sakshandsamar: Unni Rygg

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret	24.10.2019	013/19

Søknad om fritak frå politiske verv

Samandrag:

Det vart gjennomført kommunestyreval for nye Øygarden kommune 9.september 2019. I samband med valet har det blitt sendt inn to søknader om fritak frå kandidatar som stod oppført på lista «Folkeaksjonen Nei til mer bompenger». Begge kandidatane vart valt inn som varamedlemmer til kommunestyret, høvesvis varamedlem nr. 7 og varamedlem nr. 8. Søknadane om fritak er grunngjeve med at helsetilstanden har endra seg etter at dei stilte på politisk liste for Folkeaksjonen Nei til mer bompenger.

Kommunestyret får lagt fram søknadane om fritak, til behandling.

Innstilling til vedtak:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksopplysningar:

Det vart gjennomført kommunestyreval 9.september 2019 og tolv parti stilte liste til Øygarden kommunestyre for perioden 2019-2023.

Ei av listene var Folkeaksjonen Nei til mer bompenger med 10 kandidatar på lista. Kandidat nr. 6 Lill Helen Bakke og kandidat nr. 10 Bente Ekerhovd har begge i ettertid sendt inn søknad om fritak frå alle politiske verv i det nye kommunestyret.

Lovkrav om fritak frå politiske verv

I samband med godkjenning av listeframlegg til kommunestyrevalet 2019 vart det sendt ut melding til alle listekandidatar der det vart peika på vallova § 3-4 og retten til å krevje fritak frå å stå på liste til kommunestyreval. I føresegna vert det vist til at vedkomande må kome med skriftleg erklæring innan den frist som valstyret set, elles vil vedkomande tape retten til å strykast frå listeframlegget. Meldinga om oppføring som kandidat vart sendt ut 11.april, med frist frå valstyret om å søkje fritak innan 3.mai 2019. Verken Ekerhovd eller Bakke sendte inn skriftleg erklæring om fritak innan gitt frist. Slik sett vil vallova § 3-4, 3.ledd, vere gjeldande: «Den som unnlater å kreve seg fritatt fra å stå på liste, kan ikke nekte å motta valg».

Rett til fritak etter at ein er valt inn i kommunestyret vert regulert i ny kommunelov § 7-9
Uttreden og fritak:

En folkevalgt som ikke lenger er valgbar til et folkevalgt organ, trer endelig ut av organet. En folkevalgt som er registrert som utflyttet fra kommunen eller fylkeskommunen, og derfor ikke lenger er valgbar, kan likevel tre inn igjen i vervet hvis han eller hun flytter tilbake igjen innen to år.

*Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt **uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne**, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på **om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt**. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.*

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over.

[NOU 2016:4 Ny kommunelov](#) diskuterer retten til å søkje fritak frå folkevalte verv opp mot plikta til å stå i vervet når vedkomande fyrst er valt jf. ombodsplikta, og påpeiker at det er viktig med balanse mellom rett og plikt. Vurderinga av om konkrete forhold påfører den folkevalte ulemper utover det vanlege ved å halde fram i vervet, ei vesentleg ulempe, vil vere skjønnsprega for kvart tilfelle. Konkrete forhold som kan argumentere for fritak må vere knytt direkte til den folkevalte, som den folkevalte sitt arbeid, helse eller andre sterke velferdsgrunnar, som gjer at den folkevalte sjølv opplever vesentleg ulempe om han eller ho ikkje får fritak frå vervet. I tillegg bør det, som hovudregel, vere forhold som har oppstått etter at den folkevalte samtykka til å bli valt. Eit fritak kan gjelde for kortare tidsrom eller for resten av valperioden.

Vallista til Folkeaksjonen Nei til mer bompenger og lovkrav ved nyval av kommunestyrerepresentantar

[Vallova § 6-2](#) viser til krav om minimum 7 kandidatar på listeforslaget og maksimalt 45 kandidatar med tillegg av inntil 6 andre namn, til kommunestyrevalet i Øygarden. Folkeaksjonen Nei til mer bompenger leverte godkjent listeforslag med 10 kandidatar.

Kommunestyrevalet 9.september 2019 sikra Folkeaksjonen fire medlemmer og seks varamedlemmer til kommunestyret i Øygarden. Folkeaksjonen ville fått inn eit ekstra varamedlem om det var ein ekstra kandidat på lista. Med andre ord så har ikkje Folkeaksjonen Nei til mer bompenger fleire kandidatar å velje mellom enn dei som allereie har fått plass i kommunestyret som medlemmer og varamedlemmer.

[Ny kommunelov § 7-10](#) omhandlar Opprykk, nyval og suppleringsval, jf. 3.ledd: «Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut, og de er valgt ved forholdsvalg, skal varamedlemmer fra samme liste tre inn i deres sted i den nummerordenen varamedlemmene er valgt. Hvis medlemmer av kommunestyret trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerordenen de er valgt».

Kva alternativ har Folkeaksjonen Nei til mer bompenger til nyval, når dei ikkje har fleire kandidatar på den godkjente vallista som kan veljast inn som varamedlem til kommunestyret? Valforskrifta § 15-2, Endringer på listeforslaget etter innleveringsfristen, viser til at den tillitsvalte kan setje inn nytt namn om ein kandidat strykast frå listeforslaget – men det er fram til godkjenning av listeforslaget. Til orientering så vart Folkeaksjonen Nei til

mer bompenger førespurt om og setje inn nye kandidatar innan 7.mai, før lista vart godkjent, grunna trekk av annan kandidat men då valte dei opprykk av kandidatar i staden for. Når listeforslaget er godkjent som valliste og kommunestyrevalet er gjennomført er det ikkje lovheimel til og setje inn nye namn som kandidatar til kommunestyret.

Kommunestyret må ta omsyn til dette særskilte forholdet ved Folkeaksjonen Nei til mer bompenger ved behandling av søknader om fritak frå politiske verv.

Skjønsmessig vurdering av søknaden om fritak – Lill Helen Bakke

Lill Helen Bakke (53 år) sendte inn søknad om fritak datert 13.september 2019, nokre dagar etter valet var gjennomført, og ho vart valt inn som **varamedlem nr. 7** til Folkeaksjonen Nei til mer bompenger. Bakke har grunngjeve søknaden om fritak med at helsetilstanden har endra seg etter at ho stilte på politisk liste for Folkeaksjonen Nei til mer bompenger. Bakke viser til at helsetilstanden gjer det umogleg for henne å skjømte dei forpliktingar, krav og utfordringar som vert stilt til medlem i kommunestyret. Etter oppmoding frå administrasjonen har Bakke levert legeerklæring, ikkje lagt ved, som stadfestar behov for fritak frå politisk verv grunna helsetilstand. Ny kommunelov § 7-9, 2.ledd, er klar på at det som hovudregel skal vere nye forhold som grunnlag for søknad om fritak. Legeerklæringa støtter ikkje opp om at det er nye forhold, men helsemessige utfordringar som Bakke har vore kjent med då ho samtykka i å stå som kandidat på vallista til Folkeaksjonen Nei til mer bompenger. Bakke si eiga oppleving av vesentleg ulempe, då ho ser seg som ueigna til å fungere i vervet grunna helsa, bør likevel vege tungt i kommunestyret si vurdering av fritak eller ei frå vervet som varamedlem i kommunestyret.

Dersom Bakke ikkje vert fritaken frå vervet så må Folkeaksjonen Nei til mer bompenger ta forholda i saka i betraktning når dei vel medlemer og varamedlemer til styre, råd og utval i Øygarden kommune.

Skjønsmessig vurdering av søknaden om fritak – Bente Ekerhovd

Bente Ekerhovd (55 år) sendte inn søknad om fritak datert 5.september 2019, nokre dagar før valet skulle gjennomførast, og ho vart valt inn som **varamedlem nr. 8** til Folkeaksjonen Nei til mer bompenger. Ekerhovd har grunngjeve søknaden om fritak med at helsetilstanden har endra seg etter at ho stilte på politisk liste for Folkeaksjonen Nei til mer bompenger. Ekerhovd viser til at helsetilstanden gjer det umogleg for henne å skjømte dei forpliktingar, krav og utfordringar som vert stilt til medlem i kommunestyret. Etter oppmoding frå administrasjonen vil Ekerhovd levere legeerklæring. Legeerklæringa blir levert etter at saksframlegget er ferdigstilt men før kommunestyremøtet. Det må såleis leggjast føringar om at legeerklæringa vil stadfeste behov for fritak frå politisk verv grunna helsetilstand. Dersom det viser seg å vere nye forhold knytt til helsa så er det grunnlag for fritak frå vervet. Dersom forholda knytt til helsa var kjent allereie då Ekerhovd samtykka i å stå på vallista så vil grunnlaget vere meir diskutabelt. Ekerhovd si eiga oppleving av vesentleg ulempe, då ho ser seg som ueigna til å fungere i vervet grunna helsa, bør likevel vege tungt i kommunestyret si vurdering av fritak eller ei frå vervet som varamedlem i kommunestyret.

Dersom Ekerhovd ikkje vert fritaken frå vervet så må Folkeaksjonen Nei til mer bompenger ta forholda i saka i betraktning når dei vel medlemer og varamedlemer til styre, råd og utval i Øygarden kommune.

Vurdering:

Kommunestyret får lagt fram to søknader om fritak frå Folkeaksjonen Nei til mer bompenger

si valliste, høvesvis frå varamedlem nr. 7 og varamedlem nr. 8. Ingen av søkjarane brukte retten sin til å krevje fritak frå å stå oppført som kandidat på vallista før den vart godkjent jf. vallova § 3-4.

Begge varamedlemene har grunngjeve søknaden om fritak frå alle politiske verv i det nye kommunestyret med at helsetilstanden har endra seg etter at dei stilte som listekandidatar, noko som gjer det umogleg for dei å skjømte forpliktingar, krav og utfordringar som vert stilt til medlem i kommunestyret. Varamedlem nr. 7 har levert legeerklæring som stadfestar at helsetilstanden hennar ikkje er i samsvar med rolla som varamedlem i kommunestyret, sjølv om det ikkje er nye forhold. Varamedlem nr. 8 skal levere legeerklæring før kommunestyremøtet.

Det er opp til kommunestyret om dei vil gje fritak eller ei frå vervet som høvesvis varamedlem nr. 7 og varamedlem nr. 8 for Folkeaksjonen Nei til mer bompenger i Øygarden kommunestyre.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Søknad om fritak - Bente Ekerhovd
Søknad om fritak - Lill Helen Bakke

FJELL KOMMUNE Sentralarkivet	
17 SEPT. 2019	
J.nr. 19/2873	L.nr.
Arkiv nr. 020	Saksh. GREBER

SØKNAD OM FRITAK FOR ALLE POLTISK VERV i nye Øygarden kommune

Navn: Bente Ekerhovd

Fodselsdato: 01.06.64

Adresse: Gamlevegen 123
5366 MISJE

Jeg søker herved om fritak for alle poltiske verv i Nye Øygarden Kommune jeg er innvalgt til i komunevalget av 2019

Årsaken er at min helsetilstand har endret seg etter at jeg sa ja til å stille på politisk liste for Folkjeaksjonen nei til mer bompenger i nye Øygarden Kommune gjør det umulig for meg å overholde de forpliktelser og de krav og utfordringer som stilles til meg som innvalgt medlem i kommunestyret

Sted Misje

Dato 5-9-19

Underskrift Bente Ekerhovd

**Fritak for politiske verv i nye
Øygarden Kommune**

Dersom du ønsker å søke fritak for politiske verv må du sende skriftlig søknad til politisk sekretariat via kommunens postmottak.

Fritak kan innvilges dersom man ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet. Søknaden om fritak for politiske verv vil bli behandlet politisk, se kommuneloven §15.2.2. ledd.

Valstyret
Nye Øygarden Kommune
Skjenet 2. 535

SØKNAD OM FRITAK FOR ALLE POLTISKE VERV i nye Øygarden kommune

Navn: ... Lill Helen Bakke

Fødselsdato: ... 20.04.1966.

Adresse: ... Instamyra 21B. 5353 Straume

Jeg søker herved om fritak for alle politiske verv i Nye Øygarden Kommune. Jeg er ikke innvalgt til i kommunestyrevalget av 2019, men jeg står på valgliste og ser jeg er satt opp som vararepresentant

Årsaken er at min helsetilstand har endret seg, etter at jeg sa ja til å stille på politisk liste for Folkeaksjonen nei til mer bompenger i nye Øygarden Kommune. Dette gjør det umulig for meg å overholde de forpliktelser og de krav og utfordringer som stilles til meg som vararepresentant.

Sted Straume

Dato 13. September 2019

Underskrift *Lill Helen Bakke*

FJELL KOMMUNE Sentralarkivet	
17 SEPT. 2019	
J.nr. 19/2873	L.nr.
Arkiv nr. 020	Saksh. GREBER